

I kø for kreftsaka på Frisøridalen.

07.08.2016



Lange køar for å støtte kreftsaka.

Festidalen er velkjend som ein festival med langt meir enn gode konsertopplevelingar. Stadig har det dukka opp nye skot på Festidalen-stamma. Dette året var Frisøridalen der 10 frisørar stilte opp og friska frisyren til festivalgjestene, nytt og positivt. Inntektene av tiltaket gjekk til kreftforeininga, og resultatet vart fantastiske 60.000 kr til den gode saka!



10 flinke frisørar friserte for kreftsaka.

Responsen var svært god, og til tider var det svært lang kø av festivaldeltakrar som hadde ønske om å støtta kreftforeininga. For eit minstebeløp på 100 kr. kunne ein få farge i håret eller friska frisyren opp på andre måtar. Høgaste beløp som vart betalt var 5.000 kr, og til saman kom det inn 60.000 på denne ettermiddagsstunda. Dei skulle opna kl.16, men alt ein halv time før vart køen så stor at dei valde å starta opp. Stengetid var oppsett til kl.20 men dei måtte halda det gåande ein halv time lenger. Då tiltaket vart lansert av Festidalen, vart det teke svært positivt mot av frisørane. På kort tid hadde dei fått nok frisørar. Desse stilte med eige utstyr og utan vederlag. Frisørarane som deltok på Frisøridalen var Hilde Nordnes, Kjersti Kaldestad, Klara Bakke Berntsen, Bodil Fjellandsbø, Vivian Hansen Bøe, Monika Ekeland, Cathrine Ekeland, Camilla Helene Heggøy, Ann-Christin Huke og Cherry-Mae Seljestad. Dei fortener verkeleg ein applaus!



Tidlegare i veka var han på Norway Cup som trenar og kommentator, laurdag var han på Festidalen og gav støtte til den gode saka med denne friske frisyren: Romar Skeie Olsen

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland